

VEDTEKTER FOR MILJØPARTIET DEI GRØNE I OS

Sist endra februar 2015

§1 Stifting og grunnlag

Miljøpartiet Dei Grøne i Os (heretter kalla MDG Os eller lokallaget) vart stifta 20. februar 2009. Lokallaget er ein del av Miljøpartiet Dei Grøne og bygger på partiet sine prinsippprogram og vedtekter.

§2 Formål

MDG Os har som formål å fremme Miljøpartiet Dei Grøne sin politikk i Os, blant anna ved å søke representasjon i lokale folkevalde organ.

§3 Medlemskap

Medlemmer i lokallaget er alle som har betalt kontingent for året til Miljøpartiet Dei Grøne, Grøn Ungdom eller Grøne Studentar, som er busett i Os og som ikkje har meldt seg ut av partiet eller med landsstyrets samtykke har vald å høyre til eit anna lokallag. Medlemmer av partiet som er busett i andre kommunar, men som har søkt og fått landsstyrets løyve til å høyre til MDG Os, er også medlemmer av lokallaget.

§4 Årsmøtet

- a) Årsmøtet er lokallagets høgste organ. Ordinært årsmøte haldast kvart år seinast seks veker før opning av det ordinære landsmøtet i Miljøpartiet Dei Grøne. Styret skal senda melding om dato for årsmøtet til medlemmene med minst to vekers varsel og endeleg innkalling med sakliste seinast to veker før møtet.
- b) Årsmøtet skal minst handsame følgande saker:
Årsmelding, rekneskap, budsjett, val av styre og valkomité. Andre saker kan handsamast dersom dei er nemnd i innkallinga eller om dei er av hastekarakter og eit fleirtal av dei stemmeføre på årsmøtet aksepterer å handsama dei.
- c) Valkomiteen på to personar har ansvar for å innstille på val av styre til neste årsmøte. Styremedlemmer kan ikkje sitje i valkomiteen.

- d) For å ha stemmerett på årsmøte eller nominasjonsmøte må ein ha betalt kontingent minst fire veker før møtet heldast, eller førre år dersom møtet heldast før fakturaforfall i januar. Dersom møtet heldast mellom fakturaforfall i januar og 24. februar fell kravet om fire veker og det er tilstrekkelig at kontingent er betalt til forfallsdato.
Årsmøtet kan innvilga stemmerett i årsmøtet også til dei møtande medlemmene som ikkje har fått betalt medlemskontingenten for inneverande år.
- e) Årsmøtet fattar vedtak med simpelt fleirtal, unntatt ved forslag om vedtektsendringar (jf. §7).
- f) Når tilhøve krev det kan styret innkalle til ekstraordinært årsmøte med to vekers varsel. Når det krevjast av minst $\frac{1}{4}$ av medlemmene, eller av minst tre medlemmar dersom dette utgjer meir enn $\frac{1}{4}$ av medlemmene, skal styret kalle inn til ekstraordinært årsmøte.
Ekstraordinært årsmøte handsamer berre dei sakene som er nemnd i innkallinga.

§5 Styret

- a) Styret i MDG Os står ansvarleg overfor årsmøtet når det gjeld alt arbeid og alle aktivitetar i lokallaget, om ikkje anna er bestemt av tidlegare årsmøte. Styret pliktar å legge fram årsmelding og rekneskap for årsmøtet, føre protokoll over eigne møter og sørge for forsvarlig arkivering av rekneskap, årsmeldingar og protokollar.
- b) Styret består av tre til fem medlemmer, inkludert leiar, kasserar og sekretær. Det kan veljast inntil tre varamedlemmer, i så fall i nummerert rekkefølge. Leiar veljast ved særskilt val.
Styroleiar eller møteleiar har dobbeltstemme ved likt stemmetal. Varamedlemmer har møterett, men ikkje møteplikt.
- c) Leiar for kommunestyregruppa bør som hovudregel møte i styret, utan stemmerett med mindre vedkommande også er ordinær styremedlem.
- d) Valføre til styret er dei som har stemmerett på årsmøtet.
- e) Styremedlemmene veljast for to år med ein ordning der så nært som mulig halvparten er på val kvart år.
- f) Styret er vedtaksfør når minst tre medlemmer eller innkalla varamedlemmer er tilstade.

g) Dersom leiar fråtrer meir enn tre månader før funksjonstidens utløp skal det haldast ekstraordinært årsmøte for å velje ny leiar. Dersom eit eller fleire andre styremedlemmer fråtrer meir enn tre månader før funksjonstidens utløp, og dette medfører at styret blir ståande med færre enn tre medlemmer utan at plassane kan fyllast ved at varamedlemmer rykker opp, skal det haldast ekstraordinært årsmøte for å foreta suppleringsval.

h) Lokallaget forplikast ved underskrift av leiar og eit anna medlem av styret.

§6 Tolking av vedtektene

Oppstår det usemje om tolking av desse vedtektene kan spørsmålet sendast til partiets kontrollkomité for endeleg avgjersle.

§7 Endring av vedtektene

Forslag om endring av disse vedtektene kan berre handsamast av ordinært årsmøte og må følge med innkallinga til dette. Endring av vedtektene krev eit fleirtall på $\frac{2}{3}$ av dei avgitte stemmene på årsmøtet. Vedtektsendringar trer i kraft straks.

§8 Oppløysing

Lokallaget kan bare oppløysast på eit av følgende vilkår:

- at det er færre enn tre medlemmer som ønsker å vidareføra lokallaget
- at dei medlemmene som ønsker å vidareføra lokallaget ikkje er i stand til å oppfylle dei krav som stillast til lokallag i partiets vedtekter
- at Miljøpartiet Dei Grøne oppløysast
- at det skjer endringar i kommunestrukturen som gjør deling av lokallaget eller samanskipling med andre MDG-lag naturleg.

Ved oppløysing fell lokallagets midlar til Miljøpartiet Dei Grøne, eller ved oppløysing av partiet den organisasjon som overtar partiets midlar. Ved samanskipling med andre lag fell midlane til det samskupa laget, og ved deling de nye laga etter årsmøtets vedtak.